

Til tingretten i

Erklæring om privat skifte av dødsbu (Overtaking av arv og gjeld)

Stad og dato

Opplysingar om den døde

Namn	Fødselsnummer (11 siffer)	Dødsdato
Bustadsadresse	Postnr.	Poststad

På dødstidspunktet var den døde: (kryss av i rette ruter)

- Ugift Gift Separert/skilt
 Attlevande ektefelle eller attlevande sambuar. Gi opp dødsdato til død ektefelle/sambuar:
 Den døde sat i uskifta bu Buet etter den som døydde først, er skifta

Testament/ektepakt

- Den døde etterlet seg IKKJE testament/gjensidig testament/arvepakt/ektepakt
 Den døde etterlet seg testament/gjensidig testament/arvepakt/ektepakt datert(e):

Testament og eventuell ektepakt skal leggjast ved i original om det ikkje er oppbevart ved eller sendt inn til retten tidlegare.

Opplysingar om mogeleg landbrukseigedom

Eigde den døde landbrukseigedom eller ideell del i ein landbrukseigedom (eigedom som har over 5 dekar dyrka jord eller 25 dekar produktiv skog)
 Dersom ja, gi opp matrikkeleininga: gnr. bnr. i kommune
 Dersom nei, kryss av her:
 Spørsmålet må svarast på anten den døde eigde fast eigedom eller ikkje.

Opplysingar om ektefelle eller sambuar med arverett (sjå kort orientering på side 2)

Denne rubrikken skal eventuelt fyllast ut med namn på attlevande ektefelle/sambuar eller namn på ektefelle/sambuar som er død tidlegare.

Namn	Fødselsnummer (11 siffer)
Bustadsadresse/siste bustad	Postnr. Poststad

Opplysingar om arvingar

Dersom attlevande ektefelle/sambuar er einearving, skal ikkje denne rubrikken fyllast ut. Dersom den døde sat i uskifta bu eller hadde overtatt buet på grunnlag av gjensidig testament, må ein også føre opp eventuelle særskilte arvingar etter ektefelle/sambuar som døydde først. Også arvingar som ikkje overtar gjeldsansvar, skal førast opp. Verje for mindreårige arvingar eller verje som har mandat til å representere ved skifte, skal førast opp på lina under aktuell arving. Dersom det er for liten plass, kan oversikta fortsetje på eige ark eller på fleire skjema..

Det er følgjande arvingar i buet:

Fullt namn	Fødselsdato	Adresse	Slektskap med den døde
1			
2			
3			
4			
5			
6			

Følgjande testamentarvingar arvar mindre enn 1G (grunnbeløpet i folketrygda):

1			
2			
3			

NB!

Skjemaet fortset på side 2 der den/dei som tar over gjeldsansvaret må signere

Kort orientering til arvingane

Meir utfyllande orienteringar ligg på eigne nettsider om arv under www.domstol.no

Generelt for alle arvingar

HOVUDREGELLEN er at dødsbu blir skifta privat. Dette kan skje om minst ein myndig arving tar på seg ansvaret for pliktene (gjeldsansvaret) til den døde. Arvingane kan ordne alt i fellesskap sjølve, eller dei kan nemne opp ein fullmektig for seg. Slik skiftefullmakt gir ein på eige ark.

GJELDSANSVARET inneber at den/dei som har tatt på seg ansvaret for pliktene til den døde, sjølv(e) må dekkje eit eventuelt underskot dersom gjelda til den døde er større enn formuen. Før arvingen(-ane) tar over gjeldsansvaret, kan ho/han/dei kontakte retten for å få formues-fullmakt. Den gir rett til innsyn i den døde sine bankkontoar då han/ho døydde, og i skatteopplysingar. Dersom arvingane er i tvil om gjelda kan vere større enn verdien av formuen til den døde, kan ein av arvingane be tingretten utferde preklusivt proklama før arvingen(-ane) tar på seg gjeldsansvaret. Preklusivt proklama er ei kunngjering på nettstaden norsk.lysingsblad.no og i ei avis der kreditorane får ein frist på seks veker til å melde krava sine. Men enkelte typar krav blir ikkje råka av proklama. Sjå meir om dette på eigne nettsider om arv under www.domstol.no.

SKIFTEATTEST blir utferda til dei arvingane som har tatt på seg gjeldsansvaret når den fastsette fristen går ut (til vanleg 60 dagar etter dødsdagen). Skifteattest kan også utferdast om alle arvingane har tatt på seg gjeldsansvar. Arvingar som ikkje ønskjer å overta gjeldsansvaret, kan samtykkje i at skifteattest blir utferda før 60-dagars fristen har gått ut. Slikt samtykke gir ein på eige ark. Dersom det også er mindreårige arvingar, kan det ikkje utferdast skifteattest før verjene til desse har samtykt i privat skifte.

Spesielt for mindreårige arvingar og/eller andre arvingar med verjer

Har vaksen arving oppnemnt verje, skal dette givast opp på side 1 dersom verja har mandat til å representere under skifte. Dersom verja har slikt mandat, kan verja signere på at arvingen tar på seg gjeldsansvaret. Dersom arvingar er mindreårige eller er fråtatt rettsleg handleevne, må verjene for desse samtykkje i privat skifte. Dette kan gjerast nedst på skjemaet. Verjene har ansvaret for gjennomføringa av skiftet saman med dei arvingane som har overtatt gjeldsansvaret. *Dersom alle arvingane er mindreårige eller er fråtatt rettsleg handleevne, skal ein nytte eit anna skjema.*

Spesielt for attlevande ektefelle

Attlevande ektefelle har rett til fjerdeparten av arven når det er livsarvingar (barn, barnebarn osv.) etter den døde. Minstearven skal likevel svare til fire gonger grunnbeløpet i folketrygda (4G) ved dødsfallet. Er dei næraste slektsarvingane til den døde foreldre eller barn etter desse, har attlevande ektefelle rett til halvparten av arven, likevel minst seks gonger grunnbeløpet i folketrygda (6G) ved dødsfallet. Er det ikkje arvingar som nemnt ovanfor, arvar attlevande ektefelle alt. Arveretten fell bort dersom statsforvaltaren har mottatt krav om separasjon før dødsfallet, eller retten har mottatt søksmål om skilsmisse.

Attlevande ektefelle er einearving dersom den samla verdien av det den døde etterlet seg, med frådrag for gjeld (medrekna utgifter til gravferd og gravstad), ikkje er høgare enn beløpsgrensa (4G/6G) for den aktuelle minstearven. *I desse tilfella skal ein nytte eit anna skjema.*

Spesielt for attlevande sambuar

Attlevande sambuar som har, har hatt eller ventar barn med den døde, har rett til å arve fire gonger grunnbeløpet i folketrygda (4G). Denne arveretten kan utvidast og avgrensast i testament. Dersom nettoverdien av dødsbuet er mindre enn 4G, er attlevande sambuar einearving (sjå ovanfor om minstearv for ektefeller). *I desse tilfella skal ein nytte eit anna skjema.*

Dersom sambuarane ikkje hadde felles barn, arvar sambuaren berre etter testament.

Opplysning om mogleg landbrukseigedom må alltid fyllast ut

Retten skal melde frå til landbruksstyresmaktene om landbrukseigedommar som den døde eigde. Dersom den døde ikkje eigde slik eigedom, skal ein krysse av i rubrikken der det står «nei»

Erklæringar (underskrifter) frå attlevande ektefelle/sambuar og andre arvingar

Testamentarvingar som arvar mindre enn 1G (grunnbeløpet i folketrygda), skal ikkje signere.

Den som vil gi skiftefullmakt til andre, må både skrive under her og på fullmakta.

Eg/vi myndige arvingar skriv under på at vi vil skifte buet privat. Eg/vi stadfester at dei gitte opplysningane er rette. Eg/vi tar med dette på meg/oss fullt og solidarisk ansvar for gjeld og andre plikter etter den døde. Sjå om digital signatur på www.domstol.no

1	4	7
2	5	8
3	6	9

Samtykke til privat skifte frå verjer for arvingar som er mindreårige eller fråtatt rettsleg handleevne

Eg/vi, verjer for arvingar som er mindreårige eller er fråtatt rettsleg handleevne samtykkjer i at buet blir skifta privat. Sjå om digital signatur på www.domstol.no.

1	2	3
---	---	---